



Frøydis Syslak
Bøgjerdet 21
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7944 - 23/150

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
02.01.2023

Ferdigattest piperehabilitering - gbnr 56/48 Hundvin

Administrativt vedtak: Saknr: 003/23
Tiltakshavar: Frøydis Syslak
Ansvarleg søkjar: Haukås Mur
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabilitering av teglsteinpipe i fritidsbygg på gbnr 56/48.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.11.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.12.2022.

Skildring

Adresse:	Hundvinsvegen 153
Bygningstiltak:	Fritidsbygg
Bygningsnummer:	176232277
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7944

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frøydís Syslak
Haukås Mur

Bøggerdet 21 5937
Gamle 5955
Prestavegen
20A

BØVÅGEN
LINDÅS